

Medan mange kjæledyr lir ein heller trist lagnad når vertsfolket skal på ferie, kan andre firbeinte nyte ferien i sus og dus på luksushotell. Tradisjonsrike Standal hunde- og kattehotell i Nittedal har plass til 140 hundar og kattar og har fullt belegg sommaren gjennom.

Luksus for store og små

Svært mange av oss assosierer ordet sommar med ferie og fritid. For dei tilsette på Standal hunde- og kattehotell er det den mest hektiske perioden i året. Det er første veka i fellesferien og telefonen ringjer med jamne mellomrom. Folk lurar på om hotellet framleis har ledige rom. Dei skal på ferie og treng nokon til å passe kjæledyret deira. Men Lene Trehjørningen må dessverre svare nei. Det er ikkje plass til fleire firbeinte hos dei akkurat no.

- Vi merkar særskilt stor pågang no om sommaren, og dersom ein vil ha plass her hos oss, må ein vere ute i god tid i førevegen, seier Lene Trehjørningen, som har jobba på Standal hunde- og kattehotell i åtte år. Ho trivst svært godt i jobben.

- Sjølv om vi har våre faste daglege rutinar, er ingen dagar like, seier ho.

Eldst i Norge

- Velkommen hit, seier Jørn Standal med eit stort smil. Han har drive hotellet sidan 1980. Standal er mellom anna utdanna hundeeinstruktør både frå Noreg og USA, og han har og trena opp den første høyrehunden i Noreg. Standal hunde- og kattehotell er ei familiebedrift som vart grunnlagt av Johan Berner Standal, bestefaren til Jørn Standal, i 1931. Den tidlege starten gjer hotellet til det eldste hunde- og kattehotell i landet. Standal hunde- og kattehotell ligg fint til i landlege omgivelser i Nittedal kommune, om lag ein times køyretur nordaust for Oslo. Her følgjer gjestane ein relativt fast dagsrytme med stor vekt på uteaktivitetar. Alle hundar er ute 3-5 timar kvar dag og hotellet har store uteareal der hundane kan utfalde seg fritt. Standal hunde- og kattehotell får årleg gjestar frå Hammerfest i nord til Lindesnes i sør. Kapasiteten ligg på rundt 75 hundar og 40-45 kattar, men om sommaren kan hotellet ta i mot rundt 100 hundar i tillegg til kattane. Den store etterspurnaden gjer at dei kunne ha tatt inn enda fleire.

- Vi kunne nok hatt dobbelt så mange gjestar her dersom det var plass til det, seier Standal. Men vi har ikkje tenkt å vekse meir kapasitetsmessig, og eg føler no at eg har fått utvikla anlegget her slik eg ynskjer det skal vere.

Fornøgde kundar det viktigaste

På Standal hunde- og kattehotell blir opphaldet tilpassa behova til kvar einiskilde gjest. For kvar gjest følgjer det med eit informasjonsskjema som eigarane har fylt ut med opplysningar om matvaner, helsejournal og eventuell medisinbruk. På hotellet har dei eit oppfølgingssystem frå dag til dag der ein følgjer med på utviklinga til dyra. Dette omfattar mellom anna føring av luftelister, føringlister, medisinlister og behandling for kvar enkelt gjest.

- Her hos oss følgjer vi «betre føre-var»-prinsippet, fortel Jørn Standal. Vi går heller ein gong for mykje enn ein gong for lite til dyrlegen med gjestane våre. Den typen individuell behandling vi legg opp til her, blir gjennomført kompromisslaust og er svært ressurskrevjande. Men vi får betalt i form av høg kvalitet og svært fornøgde kundar. Vi har mange kresne og medvitne kundar som kjem att år etter år. Sidan ein fornøgd kunde er det viktigaste for oss, gjer vi det som krevjast for å oppnå dette. Eit illustrerande døme er ein hund som nyleg var på hotellet. Denne hunden var utelukkande föra opp på nygrilla kylling og pannekaker. Sidan han ikkje åt noko anna, fekk han servert denne kosten på hotel-

let og. - Matlyst er eit teikn på trivsel. Difor gjev vi dyra det dei er vande med å få, seier Standal.

Fokuserer på utvikling

Heilt sidan Jørn Standal tok over etter bestefaren i 1980 har han vore oppteken av ei kontinuerleg utvikling av verksemda, og han fortel at det har vore ei utfordring å halde oppe kvaliteten. Eit av dei mange prosjekta som har vorte realisert er etablering av eit celledriftssystem for hundane.

- Dette systemet går ut på at vi fordeler hundane på seks autonome einingar med to personar på kvar eining, som har eige kjøkken og bad. Bada er flislagde med varmekablar i golvet. Når vi har rundt 100 hundar inneber det at det blir 15-16 hundar per eining, seier Standal. Dess fleire hundar ein samlar på same plassen, dess større er sjansen for at nokon ber meg seg smitte. Så ved hjelp av dette systemet har vi greidd å redusere smittepresset med over 80 prosent. I tillegg får dei tilsette betre kontroll og meir tid til gjestane, fortel Jørn Standal.

- Eg veit enno ikkje om andre innanfor bransjen som har innført eit liknande system. Eit anna prosjekt hotellet jobbar med no, er å byggje eit motstrømsbasseng som skal nyttast til opptrening av ryggopererte hundar og hundar med kors- og leddbandskader. Standal hunde- og kattehotell går og for å vere det leiande innan bransjen her i landet, og Jørn Standal meiner det er faktorar som omsorg, kompetanse, erfaring, ressursar og ikkje minst tryggleik og service som skil Standal frå andre hunde- og kattehotell.

- Vi brukar mykje tid og ressursar på forbetring og utvikling og satsar på det beste av det beste. I tillegg har vi eit stabilt og trygt arbeidsmiljø med åtte fulltidstilsette og tolv assistentar som har vore her ei stund og kjenner forholda godt, seier Standal. Men han legg ikkje skjul på at det er ein tøff bransje med høge krav.

- Som sjef har eg ansvar

for både dei tilsette og gjestane på hotellet 24 timar i døgnet året rundt, og det fører stadig vekk til lange arbeidsdagar. Ein kan seie at det er baksida av medaljen, men samstundes har eg ein svært triveleg jobb som gjev meg svært mykje, fortel Jørn Standal.

Vil ha kjæledyr-sertifikat

Men det er ikkje alle hundar og kattar som har det like godt som gjestane på Standal hunde- og kattehotell. Ein høyrer stadig vekk historier om folk som tek i bruk hjartelause metodar for å kvitte seg med kjæledyra sine før ferien; somme set sin firbeinte venn på gata, andre kastar dei i søpla. Desse historiene provoserer Lene Trehjørningen.

- Det burde absolutt ikkje vere ein menneskerett å ha kjæledyr. Eg meiner at dei som vil

skaffe seg det, skulle hatt ei form for sertifisering som prov på at dei er i eigna til å ta vare på kjæledyra sine, seier Trehjørningen.

Jørn Standal meiner ein burde krevje ein autorisasjon av oppdrettarar som er produksjonsledd og såleis ansvarleg for kvaliteten både på hundane og til dels hundeeigarane dei vel ut.

- Alle historiene om den tragiske lagnaden til mange hundar og kattar i ferien er eit uttrykk for at vi lever i eit samfunn med ein stadig aukande bruk-og-kast mentalitet, meiner Standal. Han trur ikkje fleire dyrepensjonat vil løyse dette.

- For det første må folk innsjå at det er eit stort ansvar å ha ein hund eller ein katt, og for det andre at det kostar. Ei auka bevisstgjerding kring desse faktorane kan vere med på å betre tilhøva for mange firbeinte, trur Jørn Standal.

✓ Ingvild Parr

Hotellvert: Jørn Standal har drive Standal hunde- og kattehotell sidan 1980. Her saman med dei to engelske setterane Will (t.v.) og Tambi.

